



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 17/54657-2 17/631 – 17/11170 08.05.2017

### Uttale til søknad om dispensasjon – gnr. 146 bnr. 47 – Fosse ytre – Lindås kommune

Vi viser til motteke høyringsbrev om dispensasjon frå LNF-formål i kommuneplanens arealdel, for bustadbygging på eigedom gnr. 146 bnr. 47, Ytre Fosse, i Lindås kommune.

Eigedomen er knytt til privat veg, som har avkøyrsla frå fv. 404 ved hp 1 km 4,15. I *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest* er fylkesvegen forbi avkøyrsla vist med haldningsklasse 3. På slike vegar vil vi normalt gi løyve til utvida bruk av avkøyrsla, dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt.

Statens vegvesen har i utgangspunktet ingen merknader til ein eventuell dispensasjon frå LNF-formål, men vi gjer merksam på at det må søkjast om løyve til utvida bruk av avkøyrsla frå fylkesvegen, jf. veglova § 40–43. Det må påreknast krav om utbetring av avkøyrsla med tanke på siktilhøve og teknisk utforming. Opparbeida avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før øvrige byggearbeid vert sett i gang/igangsettingsløyve blir gjeve.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

